



Valet i Uskedalen i full gang – med skuleelevar som interesserte tilskodarar. . (Foto: Ola Matti Mathisen)

Husnes fekk klart flest representantar i det nye kommunestyret med åtte og så kom både Uskedalen og Sunde med fire. 15 av bygdene i kommunen vart representert. Det er 35 i det nye kommunestyret.

Den største bygda som denne gongen ikkje fekk inn nokon var Dimmelsvik. Frå Herøysundet er det berre ein – avtroppande ordførar Bjarne Berge.

Også desse bygdene vil berre ha ein representant: Utåker, Seimsfoss, Sandvoll, Varaldsøy, Ænes og Hatlestrand.

Det blir to frå Valen, Løfallstrand og Ølve og tre frå Rosendal og Halsnøy.

Frå Uskedalen var det Bjarne Lilleaas (V), Gunn Mari Moberg (H), Tove Lill Lakselv (FrP) og Torfinn Myklebust (IP) som kom inn.